

# Ein Stad for alle.

Stad Venstre

Valprogram 2019-2023



VENSTRE



Stad Venstre sin ordførarkandidat Alfred Bjørlo

**Venstre vil gje fridom til den enkelte, samtidig som vi skal ta vare på fellesskapet og miljøet. Vi trur på skaparkraft, frivillig innsats, dugnadsånd og lokalt sjølvstyre for å skape eit godt samfunn.**

Venstre har hatt ordføraren i Eid dei siste åtte åra. Perioden under Venstre sitt leiarskap er prega av godt samarbeidsklima og stor gjennomføringskraft. Det har vore ein vekstperiode med auka folketal og mange nye prosjekt, både private og offentlege. Venstre vil at denne utviklinga skal halde fram i Stad kommune.

Eit sterkt Venstre vil vere garantisten for at den nye kommunen har gjennomføringskraft og samarbeidsånd - og vil skape eit trygt og godt lokalsamfunn der fleire vil bu og drive næring.

Stad Venstre sine 39 kandidatar på lista til kommunevalet 2019 er klare for å gjere ein innsats for Stad. I Stad skal du få omsorg når du treng det, ha ein god plass å vekse opp, og vi skal legge til rette for nyskaping, nye arbeidsplassar og grøn vekst.

Saman skal vi ta Stad inn i framtida.

**Røyst Venstre ved kommunestyrevalet i Stad 2019!**

# Skule og oppvekst


Stad skal vere ein kommune der det er godt å vekse opp for born og unge. Venstre vil halde fram og styrke satsinga på kvalitet i skulen, og løfte ungdommen sterkare fram.

## Stad Venstre vil:

- Prioritere kvalitet i skulen. Auke ressursane til lærartimar på skulane
- Legge til rette for etter- og vidareutdanning av fleire lærarar
- Behalde og vidareutvikle dagens skulestruktur
- Sikre naudsynt oppgradrings/utbygging av skulebygg, barnehagar og andre kommunale bygg
- Innføre prøveordningar for skulemat og jobbe for at kosthald og matlaging skal vere ein viktig del av undervisninga i skulen
- Ha auka samarbeid mellom skule og næringsliv, mellom anna ved å satse på entreprenørskap gjennom heile skuleløpet
- Satse på tidleg innsats, både i barnehage og skule, for born som treng ekstra støtte og sikre nok spesialpedagogiske ressursar
- Ha fysisk aktivitet ein time for dagen, integrert i undervisninga i skulen
- Legge til rette for auka pedagogisk bruk av naturen og uteområde i barnehage og skule
- Sikre eit breitt barnehagetilbod med god bemanning. Ha fleire fagarbeidarar som assistentar, og ha høg pedagogtettleik
- Ha sterke, gode offentlege skular og barnehagar som basis i tenestetilbodet

til born og unge. Samtidig er vi positive til supplerende tilbod, både i privat og ideell regi, i godt samspel med dei offentlege tilboda

- Sikre gode oppvekstvilkår til barn i familiar med låg inntekt, gjennom til dømes gratis kollektivtransport, fritidskort, støttekontakt-ordning og leksehjelp
- Vere ein god vertskommune for skular, studentar og hybelbuarar
- Legge til rette for fleire gode møteplassar for ungdom
- Styrke ordninga med helsestasjon for ungdom
- Opprette fleire kommunale lærlingeplassar
- Legge til rette for fleire sommarjobbar for ungdom gjennom samarbeid næringsliv/kommune
- Innføre røysterett for 16-åringar og gje Ungdomsrådet auka medverknad og talerett i kommunestyret
- Krevje betre kollektivtilbud i heile Stad kommune, mellom anna for å legge til rette for at ungdom som bur på hybel kan delta på fritidsaktiviteter på eigen heimstad
- Innføre ein plan for LHBTI-personar på lik line med dei større byane, slik at også skeive ungdommar og andre kan kjenne seg heime i distriktet
- Halde på og vidareutvikle ordninga «Heim for ein 50-lapp»



# Nyskaping og grøn vekst

Kommunar som lukkast med vekst og utvikling er samhandlande, ambisiøse og gode tilretteleggarar. Venstre vil at Stad kommune skal vere heilt i landstoppen innanfor næringsutvikling og stadutvikling. Vi skal legge til rette for vekst i næringslivet i Stad kommune gjennom satsing på næringsutvikling, gründerpolitikk og sterkare samarbeid kommune/skule/næringsliv.

## Stad Venstre vil:

- Ha attraktive byggeklare tomter i alle krinsar
- I samarbeid med bygdelaga og eigarane arbeide for å gjere tilgjengeleg på marknaden fleire småbruk og hus på bygdene som i dag står tome
- Setje rekruttering av folk øvst på dagsorden i Stad kommune - i nært samarbeid med næringslivet gjennom Stad Vekst. Rekruttering kan også gjerast i samarbeid med Helse Førde, vidaregåande skular og andre.
- Klargjere fleire nye næringsareal og næringsbygg for bedriftsetableringar på sjø og land
- Gjere det enklare å starte eiga bedrift, legge til rette for fjernarbeidsplassar og lage ein kommunal gründerstrategi
- Ha rask sakshandsaming i saker som er viktige for gründerar og næringsliv
- Legge til rette for vekst i reiselivet ved

- å fronte natur- og kulturopplevingar, og stø opp om nye satsingar. Stad Venstre seier ja til at Stad kommune skal lage ei «reiselivsklynge» som byggjer vidare på ny strategisk plan for reiselivsutvikling
- Ha eit «lokalsamfunnsteam» i Stad kommune som gjer det enkelt for bygder og frivillige lag å samarbeide med kommunen - med éin fast kontaktperson i kommunen
- Vil følgje opp arbeidet med stadutvikling som er starta opp i 2018-19, med levande og attraktive tettstadar og bygder i heile den nye kommunen. Vi vil ha gode buområde, trygge og samanhengande gang- og sykkelveggar, møtestadar for sosial aktivitet og lokale fritids- og kulturtilbod
- Fortette sentra i små og store tettstadar i kommunen, og søke å unngå utbygging på dyrka areal. Fortetting vil gje tilgang til offentlege tenester innanfor kort avstand
- Legge til rette for moderne buformer og gode bustadmiljø, med høve til treffpunkt og fellesfunksjonar
- Seie nei til auke i eigedomsskatten, og ha som mål å redusere han når kommunen økonomien tillet det
- At kommunen skal vere ein ambisiøs og framoverlent ja-kommune, som er pådrivar for å tenke nytt og framtidretta. Stad skal vere ein aktiv medspelar overfor dei som ønsker utvikling
- Sikre ledig areal og stimulere til auka budstadbygging over heile kommunen. Vi må styrke og utvikle viktige nærliggande funksjonar som skular og barnehagar, nærbutikkar, helse- og omsorgstenester
- Samarbeide med landbruksnæringa om å utvikle landbruket som vekstnæring
- Samarbeide med fiskeri- og havbruksnæringa for å bygge ei sterk samla marin næringsklynge i Nordfjord, og utvikle næringane vidare i grøn retning

- Fullføre utbygginga av fiber- og breiband til heile Stad kommune
- Gjere Stad til føregangskommune på energi, klima og grønt næringsliv
- Belønne miljøvennlig bygging/ oppgradering av bustader
- Lage ein samla plan for å sikre raskast mogleg trygge gang- og sykkelveggar til alle skulane i Stad kommune. Herunder gang- og sykkelveg på Stårheim, manglande sykkelveg mellom Skårhaug og Haugen, og vidare utbygging av sykkelveggar i Selje, Flatraket og Leikanger.
- Satse på vidare utvikling av Nordfjordeid som regionsenter i Nordfjord
- Arbeide for raskast mogleg oppstart av utbetring av Fv 620 Årsheimstranda. Utbetre og rassikre Fv 618 som ein viktig pendlarveg i ytre del av Stad kommune
- Utbetre vegen til Vestkapp
- Utvikle Selja Kloster til eit pilgrims- og reiselivsmål i nasjonal toppklasse, mellom anna ved etablering av eit regionalt pilegrimssenter i Stad kommune
- Stø opp om satsinga på Fjordane Virtuelle Campus
- Arbeide for fleire desentraliserte fagskule- og høgskuletilbod i Stad kommune

## Helse og omsorg

Venstre vil sørge for at Stad kommune klarer å gi god omsorg til deg som treng det - når du treng det. Vi skal gje rett hjelp til rett tid, og styrke folkehelse og meistring.

### Stad Venstre vil:

- Styrke satsinga på heimebasert omsorg og omsorgsbustader. Sikre eit tilstrekkeleg tal langtidsplassar/sjukeheimsplassar
- Samordne og utvikle betre tenester innanfor rus og psykiatri
- Bygge fleire bustader for utleige
- Få på plass gode dagsentertilbod - også for demente
- Eldre og andre vaksne i institusjon må få høve til privatliv
- Nytte velferdsteknologi for enklare kvardagar, betre velferd og større handlefridom
- Legge til rette for fleire heiltidsstillingar og ein heiltidskultur i Stad kommune
- Bruke minst mogleg vikarbyrå i helse- og omsorgssektoren
- Sterkare fokus på førebyggjande arbeid retta mot både unge og eldre
- Styrke folkehelsearbeidet - tettare samarbeid med idrettsliv, bygdelag og frivillige organisasjonar
- Satse på frisklivstilbod med rådgjeving og treningstilbod for utsette grupper
- Vidareføre SLT-ordninga (Samordning av Lokale kriminalitetsførebyggjande Tiltak) frå Eid inn i Stad kommune
- Styrke Nordfjord sjukehus, Nordfjord Psykatrisenter og Nordfjord BUP med nye tenester og meir aktivitet. Manglande polikliniske tilbod som ligg inne i

modellen for «Framtidas Lokalsjukehus» må snarast kome på plass igjen

- Styrke satsinga på kvinnehelse, mellom anna ved å få tilbake fullgode gynekologitenester på Nordfjord sjukehus
- Arbeide for at fylkeskommunen tilbyr tannbehandling til fleire pasientar i Selje, i samarbeid med Eid Tannlegekontor
- Halde oppe ambulanse- og legetenesetilbodet som i dag er i Selje
- Etablere ein landingsplass for redningshelikopter i Selje

## Klima og miljø

Stad kommune skal ha høge ambisjonar for klima og miljø, med effektive tiltak som gjer samfunnet smartare, meir miljøvenleg og tilpassa eit endra klima. Vi ønskjer å omstille Stad til eit nullutsleppsamfunn på alle samfunnsområde, med mål om å klare dette innan 2030.

### Stad Venstre vil:

- Ta initiativet til eit “tverrpolitisk klimaforlik” der alle partia vert einige om ambisjonsnivå og forpliktar seg til ei felles plattform i arbeidet med klima og miljø
- Utarbeide eit årleg klimarekneskap for kommunen
- Ladestasjonar for elbil i heile kommunen, som t.d. ved skulane, i sentrum (der folk er på jobb, reiser forbi)
- Legge til rette for miljøvennlege sanitæranlegg og ordningar for avfall på turistmåla i Stad kommune
- Etablere bysykkelordning på Nordfjordeid i løpet av 2020
- Støtte opp om aktørar som vil utvikle,

finansiere og bygge ut digitale løysingar for redusert transportbehov, infrastruktur for nullutslepp, autonom transport med vidare

- Få etablert fyllestasjonar for hydrogen i Stad kommune
- Kommunen skal i eigne innkjøp og i samarbeid med næringslivet jobbe for at minst 20% av tungtransporten skal gå på fornybart drivstoff innan 2025, og at all tungtransport og anleggsdrift skal kunne gå på fornybart drivstoff innan 2030
- At bilreiser knytt til kommunal møteverksemd skal haldast på eit minimum ved å legge til rette for videomøter, samkøyring og bruk av kollektivtransport
- Redusert energibruk i bygg, miljøvenlege byggemateriale og eigenproduksjon av energi skal prioriterast høgt. Hente deler av finansieringa frå offentlege støtteordningar som Enova, Klimasats og forskingsmidlar
- Jobbe for at all energi til drift av kommunale bygg skal vere basert på opphavsgaranterte fornybare og helst lokale kjelder, som til dømes fjordvarme, sol eller bioenergi
- At kommunale bygg skal vere klimanøytrale innan 2030, og produsere minst 50% av eige energibehov sjølv, og restbehov skal vere opphavsgarantert fornybar energi
- At alle kommunale nybygg skal byggast i materiale med lågast mogleg miljøbelastning
- gjennom heile livsløpet
- At alle kommunale tenestebilar skal vere utsleppsfrie i løpet av ein fireårsperiode
- Ha like strenge miljøkrav til cruisenæringa som no er innført i verdsarvfjordane for heile Vestlandet, inkludert for cruissetrafikken i Nordfjord, med landstrøm for cruiseskip på Nordfjordeid
- Ha ein storstilt dugnad for å rydde skog

og lage utsikt langs vegane i Stad kommune, i samarbeid med stat, fylke, bygdelag og grunneigarar

### **Klimatilpassing**

- Ha jamnlege beredskapsøvingar og oppdaterte beredskapsplanar som vert kommunisert til innbyggjarane på ein forståeleg måte.
- Jobbe for at våre sikringstiltak kjem høgt på prioriteringslista til NVE.
- Ha ein skjøtselsplan for skog som kan fungere som vern mot flaum, ras, skred og overvatn for bygningar og infrastruktur.
- Ha ein tiltaksplan for å tilpasse kommunale vegar, infrastruktur, bygg og gards/skogsvegar til klimaendringar og tøffare vær.
- Ha ein tiltaks- og vedlikehaldsplan for å førebygge overvatn, tette avlaup, samt flaumutsette bekkar og vassdrag.

## **Kultur, idrett og fritid**

Stad kommune skal vere ein stad med allsidige og spennande kulturtilbod og fritidsaktivitetar for alle. Stad Venstre vil jobbe for å styrke dei frivillige organisasjonane og få endå fleire aktive innanfor kultur- og organisasjonslivet. Idrett og friluftsliv er viktig for samhald, inkludering, meistring og folkehelse. Vi må også løfte ar-

beidet med ivaretaking og formidling av kulturminne.

### **Stad Venstre vil:**

- Ha fritidskort som gjev alle born og ungdomar tilbod om minst éin fritidsaktivitet
- Legge til rette for utlån av utstyr til fritidsaktivitetar ved å gjere BUA tilgjengeleg for alle i Stad kommune. Få på plass ei ordning der også næringsliv kan sponse innkjøp av utstyr til utlån
- Legge til rette for gode anlegg for idretts- og kulturaktivitetar
- Redusere halleiga for idretten og prisane i kulturskulen
- Få fleire aktive ute i friluft gjennom turstiar, naturmøteplassar og friluftsanlegg
- Legge til rette for leik og uorganisert aktivitet gjennom t.d. ballbingar, klatrestativ og hinderløyper
- At Stad kommune skal vere med å legge til rette for utbygging av nærmiljøanlegg rundt skulane, i samarbeid med bygdelag og idrettslag
- Legge til rette for at frivillig sektor får ressursar og støtte i arbeidet med inkludering og førebygging av utanforskap
- Styrke Frivilligsentralane i Eid og Selje for å kunne støtte opp om dei frivillige organisasjonane og betre samspelet mellom frivillig, privat og offentleg sektor
- Starte ei prøveordning med søndagsope bibliotek
- Styrke kulturskuletilbodet og tilbodet innan dans, musikk og visuell kunst
- Jobbe for auka næringsutvikling knytt til kunst og kultur
- Styrke lokalsamfunna og attraktiviteten til Stad kommune gjennom nært samarbeid med Malakoff og andre festivalar og kulturopplevingar
- Legge betre til rette for frivillige lag



og organisasjonar - særleg for born og unge

- Bygge fleirbrukshall i Selje, for å betre tilbodet til born og unge i ytre del av Stad kommune
- Få opp ei lokaliseringssak for fotballhall på Nordfjordeid i samarbeid med Eid IL Fotball som trinn 1, der ein ser på korleis ein kan få til ei plassering som vil gje høgast samla nytteverdi for eit slikt framtidig anlegg

## Ein sterkare region


Venstre vil arbeide for ein sterkare samla region i Nordfjord, der vi står saman for vekst, utvikling og nye arbeidsplassar.

### Stad Venstre vil:

- Bygge Nordfjordbrua Anda-Lote. Få plangrunnlag og nødvendige vedtak på plass i komande periode
- Ha byggestart for Stad Skipstunnel seinast i 2023
- Betre hurtigbåtsamband mellom Stad kommune og Måløy-Florø-Bergen, med forlenging av rutene til Ålesund når Stad Skipstunnel kjem
- Arbeide for etablering av minst 100 nye statlege arbeidsplassar i Stad kommune innan 2025
- Styrke Eid vidaregåande skule og Måløy vidaregåande skule som utdannings-senter, med sterkt samarbeid kommune/ vidaregåande skule
- Betre busstilbodet i Nordfjord. Mål om "timesekspress" aust/ vest og nord/sør
- Opprette skuleskyss Selje-Eid t/r slik at ungdommane i ytre del av kommunen

kan bu heime og gå på Eid vidaregåande skule

- Arbeide for eit samla Nordfjord - på sikt med éin felles kommune i Nordfjord, gjerne inkludert Vanylven
- Arbeide for at Nordfjord som region skal ta ein sterkare posisjon i nye Vestland fylke - mellom anna gjennom fleire fylkeskommunale kompetansearbeidsplasser, styrking av dei vidaregåande skulane og utflytting av oppgåver og funksjoner frå stat og fylke til Nordfjord og Stad kommune
- Arbeide for å styrke rutetilbodet og betre tilbringartenestene ved Sandane Lufthamn, som er nærflyplassen til Stad kommune



# Røyst Venstre.

Bli medlem og les meir på  
[venstre.no/stad](https://venstre.no/stad)



VENSTRE